

FANN EIN SKATT I TÅRNET

Arkitekt Eilif Bjørge fann byens mest spesielle vindeltrapp øvst i tårnet på Muséplassen 1. Villaen, som er kontor for UIB-leiinga, er nyrenovert, dels modernisert og dels tilbakeført til fordums glans.

INGEN VISSTE kva som var bak takluka under tårnet. Ein dag tok arkitekt Bjørge mot til seg. I kvit kjeledress, av den typen målarane brukar, kleiv han opp ein bratt stige. Dressen var alt anna enn kvit då arkitekten kom ned att frå tårnrommet. Han har aldri vore så skiten, fortel han. Og han hadde funne ein skatt høgt der oppe: Den smalaste vindeltrappa du kan tenkja deg. Han må ha vore slank, vaktmeisteren som klatra opp til spiret for å heisa flagget kvar gong herskapet hadde noko å feira.

MUSÉPLASSEN 1 blei bygd for kjøpmann Gerhard Sundt i 1881. Dette er framleis ein av dei mest fornemme villaene på Nygårdshøyden. Men det er lenge sidan huset blei brukt som bustad for velstående bergensarar. I 1936 starta Norges Handelshøyskole med undervisning her. Sidan 1968 har universitetsleiinga halde til i den ærverdige bygningen som er teikna av arkitekt Edvard Madsen.

– Herifrå hadde Ask Burlefot utsikt ned til U. Pihls pikeskole, seier rektor Sigmund Grønmo og ser ut glaset frå kontoret sitt. Forfattaren Agnar Mykle har skrive dette huset inn i litteraturhistoria. Romanfiguren Burlefot i «Sangen om den røde rubin», studerte ved NHH. Kontoret til rektor var auditorium for førti studentar den tida handelshøgskulen heldt til her. For å minnast denne historia, er utvalde sitat frå den omstridde romanen rissa inn i ein dekorativ, ny glasvegg bak hovudtrappa her i andre etasje.

KONTORA til rektor Grønmo og universitetsdirektør Kari Tove Elvebakken er ikkje nemnande endra i samband med denne renoveringa. Det er huset elles, først og fremst loft og kjellar. Der var behovet for oppussing prekært. Eit takvindauge hadde falle ned. Under renoveringa vart det oppdaga svake punkt i takkonstruksjonane. No er taket nytt og forsterka med ståldragarar og mange nye bjelkar. Nye og gamle konstruksjonar er synlege under den høge himlingen i loftsetasjen. Arkitekt Aina Lille-Langøy hos b+b arkitekter seier dei var spente på korleis den røffe materialbruken på loftet ville bli motteken.

Seniorrådgjevar Lene Bakke har ein av tolv nye arbeidsplassar her oppe, ho er storfornøgd. – Eg hadde dette kontoret også før restaureringa. Då var det falleferdig. No er det blitt ein flott plass å jobba, seier ho.



EIT SMYKKE I TÅRNET: Den handsmidde vindeltrappa blei brukt kvar gong flagget skulle heisast på Muséplassen 1. No er tårnrommet kledd med geleg av konstruksjonen skulle vera synleg når rommer frå no av kan bli brukt som tenkjetank. Planen er å møblera med saccosekker. Ingunn Vie



KOLLEGEROMMET: På veggene her heng ti tidlegare rektorar og overvåkar alle viktige møter.



HIMMELSYN: Takvindaugget midt i huset har hatt ulik utforming til ulike tider. No er den originale forma tilbake. Glasgolvet i møterommet silar lys ned til hovudtrappa rett under.

Kjøpmannsfamilien hadde i si tid fem tenestejenter buande på dette loftet. Pikeromma vart med tida omgjorde til vaktmeisterbustad, lærarrom og ulike kontor. Heile denne høgda var prega av svært tilfeldige løysingar.

MIDT I HUSET tar eit stort takvindaug inn overlys. Dette vindaugget var ei tid åttekanta, men har no fått tilbake si opphavlege form. Under vindaugget er det laga eit nytt møterom. Glasgolvet her leverer overlys til den staselege hovudtrappa rett under. Trappa mellom andre og tredje etasje er flytta for å knyta dei to kontorareala tettare saman. Alle endringar i huset er utført i tett samarbeid med Riksantikvaren.

I første etasje hadde dei første eigarane store stover, soveromma låg i andre. Hallen nede og

**HAN HADDE FUNNE EIN SKATT HØGT DER OPPE:
DEN SMALASTE VINDELTRAPPA DU KAN TENKJA DEG.**



HEILT NYE TIDER: Kontoret til seniorrådgjevar Lene Bakke er ikkje til å kjenna att etter renoveringa. Hunden Sofus ser også ut til å trivast under dei synlege takbjelkane.





NY I DET GAMLE: Den nye heisen er kopla på den gamle murbygningen mot sør. b+b arkitekter ville unngå omfattande inngrep i den fredsfasaden.

NO STÅR HEISEN SOM EIT TYDELEG NYTT TILLEGG TIL DEN GAMLE, FRED FASADEN

det markante trapperommet med mørk brystning, vert rekna for å vera det mest verneverdige interiøret i heile huset. Her er det først og fremst jobba med lys for å gjera romma mindre mørke. Elles i desse to etasjane er alle overflater nye, gammalt listverk er restaurert, originale dører pussa opp, original takhøgde og dekorerte himlingar er henta tilbake. Gamle vindauge har fått varevindaug på innsida.

I KJELLAREN under villaen hadde NHH festlokale, seinare har det vore kantine i underetasjen og postsentral. No står ein gammal peis åleine att midt i eit nytt møtelandskap prega av glasvegger, kvite vegger og solid eik. I denne etasjen er det laga ein ny inngang som vender mot Fosswinckels gate. Der er det, med Riksantikvaren si



GRUNNLEGGJAREN: Frå kontoret på Muséplassen har rektor og universitetsdirektør utsikt til statuen av stortingspresident



MØTEROM: Mangelen på dagslys i kjellaren vert kompensert ved hjelp av lyse fargar og glasvegger mellom dei tre nye



Wilhelm Frimann Koren Christie, mannen som grunnla Bergen Museum i 1825. Museet var forløperen til Universitetet i Bergen.



møteromma.



PEIS TIL PYNT: Dagens regelverk tillet ikkje bruk av den gamle peisen. Ved restaureringa er det laga eit nytt rom rundt peisen.

velsigning, laga ein ny baldakin langs fasaden og fleire små lysopningar i murveggen.

– Elles er det gjort mykje i dette huset som ikkje er synleg. Til dømes er det ei utfordring å finna tekniske løysingar for ventilasjon i slike gamle, verneverdige bygg. Vi har klart å unngå synlege kanalar i første og andre etasje, forklarar Aina Lille-Langøy. Heile det elektriske anlegget er nytt.

EI ANNA STOR UTFORDRING var å gjera huset tilgjengeleg for alle. – Vi måtte finna plass til ein heis, og valde å kopla denne på eit trapperom på baksida av huset. No står heisen som eit tydeleg nytt tillegg til den gamle, freda fasaden, seier arkitekten.

På same måten er det inne. Nye bygningsselement er gjort tydelege, med form og materialbruk av i dag. I nye golv og ny møblering er det først og fremst brukt eik. – På den måten har vi halde oss på eit kvalitetsnivå som svarar til den originale standarden, seier arkitekten.

Ho seier at handverkarane har bidrege med stor kreativitet og konstruktive løysingar undervegs i denne renoveringa.

– Dei har vore utruleg dyktige, her har det blitt utført mykje skreddarsaum.

EVA RØYRANE
JAN M. LILLEBØ (foto)
ELIAS DAHLEN (foto)
eva.royrane@bt.no